



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokneråd

Møtebok

Utval: Skodje sokneråd

Møtedato: 20.04.2023

Møtetid: kl. 19:00

Møtestad: Skodje rådhus

Desse møtte:

Arnstein Sæthre, Tove Solheim Kristensen, Kristine Oksavik Sve, Elisabeth Bjørdal Leine, Jan Løkkeborg, Anne Lovise L. Løvås

Saksliste:

Godkjenning av innkalling og referat

Vedtakssaker:

Sak 20/2023: Orienteringssaker

Sak 21/2023: Markering for årets konfirmentar

Sak 22/2023: Gudstenesteliste andre halvår 2023

Sak 23/2023: Oppfølging av givarteneste

Sak 24/2023: Oppfølging sak prosesjonskors

Sak 25/2023: Innspel til budsjett og økonomiplan 2024 - 2027

Saksnr	Sak	Møtedato
20/2023	Orienteringssaker 20. april 2023	<<MøteDato>>

Saksframstilling:

1. Brev frå Biskopen i Møre til alle medarbeidarar i DNK Møre.
2. Møre Bispedøme 40 år. Brev frå jubileumskomiteen.
3. Julie Tronstad har takka ja til 100% stilling som kyrkjelydspedagog i Skodje og Ørskog sokn.
4. Supplerande nominasjon kyrkjeval. Frist: 22.mai.
5. Informasjon frå møte «Samråd for kyrkjeleg organisering» 12. april 2023.
6. Informasjon frå stab.
7. Informasjon frå råd og utval.
8. Nytt frå fellesrådsrepresentanten.

Forslag til vedtak

Soknerådet tek orienteringssakene til vitande.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringssakene til vitande.

Saksnr	Sak	Møtedato
21/23	Markering for årets konfirmanter.	<<MøteDato>>
		>

Saksframstilling:

Samtalegudsteneste 30. april kl 17:00 med fotografering. Korleis kan soknerådet bidra til ei gåvehelsing til konfirmanthuset? AU drøfta å gi ein diplom/attest som stadfester konfirmasjonsdagen, kanskje med ei rose i tillegg. Utkast til diplom ligg ved innkallinga.
Skal vi organisere kyrkjekaffe? Ei helsing til konfirmantane frå nokon i soknerådet?

Vedtak:

Konfirmasjonsattest med vårt eige design vert delt ut konfirmasjonsdagen. I samtalegudstenesta får kvar konfirquant ei rose som helsing frå soknerådet. Enkel kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Saksnr	Sak	Møtedato
22/23	Gudstenstelite andre halvår 2023	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Gudstenesteplan for Skodje andre halvår 2023 blir lagt fram i møtet. Vedlagt er oversikt over plan for både Skodje og Ørskog. Det er teke høgde for kontor-ressurs, derav litt fleire kveldsgudstenester i Skodje, for å unngå for mykje innleige av vikarar.

AU drøfta om det skal fortsette å vere to gudstenester julaftan. Tal på frammøtte på dei to gudstenestene julaftan i 2022 viste at det hadde vore tilstrekkeleg plass på ei gudsteneste. AU foreslår difor å redusere til ei gudsteneste julaftan kl 15:00. Lysmesse blir 03.12.23.

Forslag til vedtak:

Soknerådet godkjenner gudstenestelite for andre halvår 2023, med endring julaftan; Ei gudsteneste julaftan kl 15:00.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner gudstenestelite for andre halvår 2023, med endring julaftan; Ei gudsteneste julaftan kl 15:00.

Saksnr	Sak	Møtedato
23/23	Oppfølging sak givarteneste i Skodje kyrkjelyd	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Det kom til to nye faste givarar ved soknemøtet den 19. mars. Leiar har oppdatert lappane om å melde seg på givartenesta, desse vil bli kopierte opp og lagt i kyrkja. AU har drøfta at dette bør vere ei sak vi med jamne mellomrom minner kyrkjelyden om. I tillegg vil soknepresten lage ein tekst om høve til å betale ein årleg støttekontigent, såkalla friviljug medlemskap, på 200 kr. Teksten vil leggest ut på «vener av Skodjekyrkja».

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek å starte ordning med friviljug medlemskontigent til Skodje kyrkjelyd, på 200 kr. Oppmoding om å gi medlemskontigent vil bli lagt ut på heimesida, samt på Facebook-sida «Vener av Skodjekyrkja».

Soknerådet delegerer til AU å utforme tekst, samt vedta praktisk gjennomføring.

Vedtak:

Soknerådet vedtek å starte ordning med friviljug medlemskontigent til Skodje kyrkjelyd, på 200 kr. Oppmoding om å gi medlemskontigent vil bli lagt ut på heimesida, samt på Facebook-sida «Vener av Skodjekyrkja».

Soknerådet delegerer til AU å utforme tekst, samt vedta praktisk gjennomføring.

Saksnr	Sak	Møtedato
24/23	Oppfølging sak prosesjonskors	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Etter dialog med kunstnar Overøye pr. telefon i AU-møtet den 26.januar, vart det lagt inn bestilling på korset som fekk fleirtal. Det vart litt drøfting om ulike løysingar på staven og sokkelen, også i forhold til kostnad.

Vadset Tre har gitt ein rundstokk i eik på 38 mm, noko soknerådet er svært takknemlige for. Kunstnar Overøye har kome med eit nytt forslag til fot/sokkel:

Å la sjølve foten vere bygd i same materiale som delar korset, altså stål. I så fall kan kunstnar Overøye lage denne delen også. Men ved likevel å bruke staven frå Vadset Tre.

Når det gjeld fot i stål så er der to moglegheiter for overflatebehandling. Anten dekkjande måling i same farge som stav (om ein vel det på staven). Eit anna alternativ er å ha foten i tilsvarande overflatebehandling som stålet i korset. Altså ei form for blånering. (Uavhengig av overflatebehandling på staven)

Prisoverslag fot i stål: Prisane inkluderer eventuell skisse til godkjenning med Møre biskop.

- Blånert behandling: Her krevst meir forarbeid med sliping før blånering: 6500,-
- Måla overflatebehandling: Mindre forarbeid med sliping i forkant: 5500,-

Vedtak:

Vi bestiller fot i blånert stål.

Saksnr	Sak	Møtedato
25/23	Innpel til Budsjett og økonomiplan 2024 - 2027	<<MøteDato> >

Saksframstilling:

Kyrkjeverja har sendt over budsjettplan og ber om følgjande innspel på prioritering innan 03.05.23. Budsjettplan vedlagt innkalling. Soknerådet er beden om følgjande, frå Kyrkjeverja:

Kyrkjeverja ber om at dere prioriterer saker og begrunner rekkefølgen så langt det lar seg gjøre.

- *Hvilke økonomiske, organisatoriske og juridiske konsekvenser vil det få om vi ikke får gjennomført investeringen for oss internt og for lokalsamfunnet.*
- *Hvilken nytte vil lokalsamfunnet ha om tiltaket blir gjennomført. Hvordan vil disse tiltakene bidra til å løse utfordringer i lokalsamfunnet, spesielt etter korona?*
- *Er tiltakene forankret i partiprogram i lokalpolitikken eller kan de linkes til punkter i programmet?*

Forslag til vedtak:

Skodje sokneråd har følgjande prioriteringar i perioda 2024 – 2027:

- Midlar til tilstrekkeleg administrativ hjelp, jf Lov om tros – og livssynssamfunn § 14
- Renovering av sakristiet med kr 300.000,- i 2024. Ein ber også fellerådet om å greie ut om utviding/forlenging av sakristiet mot aust, vil vere mogleg.
- Forprosjekt Kyrkjestove med kr 250.000,- i 2024
- Vasking og måling av kyrkja, nordsida, i 2024

- Utviding av Skodje kyrkjegard i 2025.
- Skodje kyrkjestove, byggeprosjekt med 10,5 mill kan skyvast til 2025

Vedtak:

Skodje sokneråd har følgjande prioriteringar i perioda 2024 – 2027:

- Midlar til tilstrekkeleg administrativ hjelp, jf Lov om tros – og livssynssamfunn § 14
- Renovering av sakristiet med kr 300.000,- i 2024. Ein ber også fellerådet om å greie ut om utviding/forlenging av sakristiet mot aust, vil vere mogleg.
- Forprosjekt Kyrkjestove med kr 250.000,- i 2024
- Vasking og måling av kyrkja, nordsida, i 2024
- Utviding av Skodje kyrkjegard i 2025.
- Skodje kyrkjestove, byggeprosjekt med 10,5 mill kan skyvast til 2025